



PBL - Private Barnehagers Landsforbund

Prinsens gate 91

8003 BODØ

Referanser:

Dykker:

Vår: 15/4219 - 16/5561

Saksbehandlar:

Jorunn Nøttveit Moen

JNO@lindas.kommune.no

Dato:

29.02.2016

Klage på vedtak om tilskot til private barnehagar

Seim Barnehage SA, Alversund Montessoribarnehage AS, Wilhaven AS, Trollskogen Barnehage, Solhaugen Barnehage SA, Hundvin Naturbarnehage As, Natås barnehage, Nordhordland barnehage AS og Knarvik Barnehage AS har (gjennom PBL) klaget på vedtaket om tilskotssats til private barnehager 2016. Klagen er begrunnet med to følgende punkter:

1) Bruk av bunde driftsfond

PBL skriv i sin klage at Lindås kommune ikke kan redusere kostnadsgrunnlaget med 440 879 kr slik det er gjort for rekneskapen 2014.

Lindås kommune har redusert kostnadsgrunnlaget med 347 578 kr merka som tilskots-/fondsmidlar og ikkje 440 879 kr som PBL har skrive.

Dette punktet var påklaga av dei samme barnehagene gjennom PLB i klage på vedtak om etterjustering av tilskudd for 2014 av 16.05.2015. Lindås kommune handsama klagen (25.06.2015) og gav klagar medhald i at 90 037 kr av bruk av bunde driftsfond ikkje skulle trekkjast ut, og sendte saka til Fylkesmannen for handsaming. Fylkesmannen handsama saka 28.09.2015, og stadfestar Lindås kommune sitt opphavlege vedtak med korrigeringa på 90 037 kr i kostnadsgrunnlaget – i tråd med Lindås kommune si handsaming.

Av dei 347 578 kr som grunnlaget er redusert med, er 185 324 kr fondsmidlar frå tidlegare år og 162 254 kr tilskotsmidlar mottatt i 2014. Når Lindås kommune har berekna tilskotssats til dei private barnehagane i 2016, er fondsmidlane korrigert med 90 037 kr og er i tråd med vedtaket frå Fylkesmannen 28.09.2015.

PBL legg med eit vedtak frå Fylkesmannen i Oslo og Akershus av 5.5.2014 og svar på spørsmål frå Utdanningsdirektoratet av 16.1.2014. Lindås kommune heldt seg til vedtaket frå Fylkesmannen i Hordaland av 25.6.2015 som er av nyare dato.

Konklusjon: Lindås kommune opprettheld sin berekning av tilskotssats for 2016.

2) Premiefond og aga på faktisk pensjon

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



PBL skriv i sin klage at Lindås kommune må trekke i frå bruk av premiefond i 2014 før fråtrekk i arbeidsgjevaravgift på opphavleg pensjon skal bereknes.

Lindås kommune vurderte dette punktet når berekninga av tilskotssats for 2016 vart gjort, og kunne ikkje finne føringar i forskrift eller heimel i lov kor dette kom fram.

Lindås kommune sin vurdering er at bruk av premiefond i dei enkelte år gjer at grunnlaget samla sett over fleire år vert korrekt, men at det vil vere tidsforskyvingar knytt til i kva år kommunen faktisk betaler arbeidsgjevaravgift og når den vert trekt i frå. Realiteten er at Lindås kommune enkelt sagt betalte inn for mykje pensjon og (dermed også avgift på pensjon i 2013), noko som gjorde at for mykje innbetalt pensjon vart sett av på premiefond hos pensjonsleverandør. Tilskotet til dei private barnehagane i 2013 var berekna ut frå faktiske utgifter i 2013, og når det er belasta for høg arbeidsgjevaravgift grunna for mykje innbetalt pensjon, vart tilskotet til dei private barnehagane dermed høgare enn det i realiteten skulle vore. Arbeidsgjevaravgift på pensjon vart dermed til gunst for dei private barnehagane i 2013 på same måte som PLB peiker på at arbeidsgjevaravgift på bruk av premiefond vert til ugunst for dei private barnehagane i 2016.

Når Lindås kommune nyttar premiefondet (det for mykje innbetalte i 2013) i 2014, gjer det som PBL påpeiker at arbeidsgjevaravgiften som er trekt ut er høgare enn den ville vore dersom kommunen ikkje hadde nytta premiefond.

Konklusjon: Lindås kommune opprettheld si berekning av tilskotssats for 2016 med grunnlag i at tilskotet til dei private barnehagane ikkje vil kunne bereknes på ein annan måte når det gjeld arbeidsgjevaravgift og bruk av premiefond. Kunnskapen om kommunane har betalt inn for mykje i pensjon (som gjer auke i premiefond) er ikkje kjent før i mai/ juni i påfølgjande år, og det vil derfor vere ei tidsforskyving i forhold til kva år fråtrekk i arbeidsgjevaravgift er til gunst eller ugunst for dei private barnehagane.

Lindås kommune opprettheld sitt vedtak på tilskotssats for 2016, og sendar med dette saka til Fylkesmannen for endeleg behandling.

Med helsing

Jorunn Nøttveit Moen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

- Klage på vedtak om tilskot til private barnehagar (138957)
- Stadfesting av kommunalt vedtak (118292)
- Klage på vedtak om etterjustering av tilskot 2014 (94468)
- Klage på vedtak om etterjustering av tilskot 2014 (105812)

Kopi til:

Kopi til:

Alversund Montessoribarnehage AS	Alvermarka 41	5911	ALVERSUND
Hundvin Naturbarnehage AS	Hundvinsvegen 5	5956	HUNDVIN
Kløvheim barnehage	Mykingvegen 642	5913	EIKANGERVÅG
Knarvik barnehage AS	Lonsvegen 76	5914	ISDALSTØ
Lykkeliten barnehage	Leitet 3	5911	ALVERSUND
Natås barnehage Sa	Sæveråsvegen 250	5957	MYKING
Seim barnehage Sa	Lurevegen 171	5912	SEIM
Solhaugen barnehage Sa	Storbruhaugen 14	5955	LINDÅS
Trollskogen barnehage Ikenberget Sa	Stølen 13	5911	ALVERSUND
Wilhaven AS	Veråsvegen 68	5955	LINDÅS

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
PBL - Private Barnehagers Landsforbund	Prinsens gate 91	8003	BODØ